



Nr. 2 | juni 2022 | 50. årgang



*God sommar!*



Utgjeve av Sogndal  
kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Bankgiro: 3705.40.71206

Postadresse:  
Sogndal kyrkjelydsblad  
Postboks 180, 6851 Sogndal

Besøksadresse:  
Stedjetunet, 2. etasje  
Kyrkjevegen 6, 6856 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:  
57 67 99 85,  
e-post: post@sogndal.kyrkja.no

Heimeside:  
[www.sogndal.kyrkja.no](http://www.sogndal.kyrkja.no)

Facebook og Instagram:  
Kyrkja i Sogndal

Grafisk:  
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til  
heimane i alle sokn i Sogndal  
kommune med unntak av Leikanger  
sokn. Det er også mogleg å tinga  
bladet for dei som bur utanfor sokna  
bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet  
kjem ut i slutten av september. Stoff  
kan sendast til post@sogndal.kyrkja.  
no innan 28. august.

Bladpengar: kr. 300,- pr. år,  
kr. 400,- for abonnentar.

## LEIAR:

# Om å gå på trynet

Det er heldigvis sjeldan det skjer, men  
det hender: Eg går på trynet.

Ja, ikkje heilt bokstaveleg talt, sjølv  
om kona min nok vil bekrefte at eg har  
ei storetå som er i overkant magnetisk  
mot dørstokkar, dørar og andre ting  
som ein normalt burde unngå å sparka  
til.

Nei, det hender at eg tabbar meg ut og  
gjer feil. Slik er vi jo alle. Av og til gjer  
vi feil.

Han eg hadde som orgellærar på  
Griegakademiet, Karstein Askeland,  
lærde meg at det viktigste ikkje er  
å spele feilfritt, men å spele med  
overbevisning. Og sjølvsgart lære seg å  
skjule feila.

Eg kan med handa på hjartet sei: Til  
dags dato har eg vel kanskje ikkje  
spelt ein einaste feilfri gudsteneste.  
Men eg har – så langt – klart å skjule  
det ganske bra.

Så langt....

Det hende i dei dagar at eg skulle  
spele gudsteneste i Fjærland. Eg  
skulle spele eit stykke eg har spelt  
sidan eg var 15/16 år gammal. Og sidan  
eg var 22 år, altså dei siste 16 år, har  
eg stort sett spelt stykket utan notar  
– fordi det ligg i fingrane.

Eg begynte å spele, og det gjekk fint ei  
god stund. Så spelte eg feil, og gjekk  
skikkelig på trynet. Eg kom heilt utav  
stykket. Eg prøvde å redde meg inn  
igjen, men til litra nytte. Det gjekk ikkje.  
Stykket var «tapt». Postludiet feila.

Det irriterande er jo at eg kan jo  
stykket. Eg har kunne spelt det utan  
notar dei siste 16 åra. Men denne  
søndagen gjekk det jo altså ikkje så  
bra. Utan at eg tapar nattesøvnen av  
den grunn – feil skjer. Men irriterande  
er det likvel.

Helga etter prøvde eg meg på stykket  
igjen – lett nervøst, og tradisjonen tru  
utan notar. Denne gongen gjekk det  
fint. Kva som skjedde denne søndagen  
i Fjærland, vil eg aldri få vite. Kanskje  
byrja eg tenke på noko, kanskje byrja  
eg fundere på eit eller anna mens eg  
spelte? Eller kanskje spelte eg ein feil  
som eg byrja lura på kvifor eg spelte?

Uansett, eg gløymte ihvertfall min  
første orgellærar sin viktigste regel:

«Du må jo ikkje tenke! Du må jo bare  
spille!»

God snublefrei sumar!

**Hallgeir Øgaard Westli**  
Redaktør

## Foto på framsida:

**Ølmheim kyrkje perla av Norane skule.**  
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

## Lite bilete venstre:

**Tårnagendag i Tjugum.**  
Foto: Jostein Risa / Magni Åm Risa

## Lite bilete høgre:

**Stedje kyrkje.**  
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

## Stoff og bilete til Kyrkjelydsbladet

Har du teke bilete eller skrive  
noko som du ynskjer at vi skal ta  
inn i bladet? Send det gjerne på  
e-post til post@sogndal.kyrkja.no  
innan 28. august.

Bilete som vert sendt til kyrkjelydsbladet må vere av god kvalitet  
for å bli bra på trykk. Sjå våre  
nett sider for meir informasjon  
om kvalitet på biletet.

# Kyrkjelydstur torsdag 18. august



Foto: Egil Husabø / Flickr

**Torsdag 18.august** kan vi igjen  
ynskje velkommen til busstur i  
regi av kyrkjelydane i Sogndal!  
Denne gongen går turen til

Askvoll, og det er spesielt kjekt  
at vi skal få helse på kjentfolk!  
Vi ser fram til å helse på Kjell  
Olav Haustaker Nordheim, som  
no er sokneprest i Askvoll.

Når vi besøker kyrkja og prestegarden  
får vi høre litt frå  
historia som er knytt til denne  
plassen ute ved kysten.

Vi kører om Gularfjellet den  
ene vegen, og vil dermed få fine  
stopp underveis! Vi kjem til å få  
ein lang og fin tur, og oppmøte

ved skysstasjonen er **kl. 8.30,**  
**med avreise kl. 8.45.**

Turen kostar kr. 600,- per  
person, som du betaler på  
bussen. Inkludert i denne prisen  
er reisa, enkel lunsj, middag,  
dessert og kaffi i Askvoll.

Påmeldningsfrist er **mandag 1.**  
**august** til kyrkjekontoret:

tlf. 57679985 eller e-post:  
**post@sogndal.kyrkja.no**

Ved påmelding må du sei frå om  
det er noko vi skal spesielt ta  
omsyn til med tanke på mat.

Turfolk har alltid med seg ein  
sekk: litt ekstra kle, noko å  
drikke, og noko ekstra å ete  
underveis.

Ta gjerne med noko kjekt eller  
fint som du vil dele med dei  
andre på turen, anten det er  
vitsar, dikt eller liknande.

Du finn meir informasjon om  
turen på kyrkja si heimeside:  
**www.sogndal.kyrkja.no** i tillegg  
til kyrkja sin side på Facebook og  
Instagram.

Har du spørsmål, må du gjerne  
ta kontakt med kyrkjekontoret!

**Gitte Therkelsen Torstad**  
tekst

## Vil du vere frivillig?

På nytt vil vi oppfordre fleire til å vere med  
i kyrkjelyden sitt arbeid! Du kan kome med  
eigne idear for kva du vil bidra med, eller du  
kan vere med i noko av det som allereie går  
sin gang av meir faste oppgåver. Det er eit  
stort spenn i type oppgåve og ulike alders  
grupper du kan jobbe inn i mot. Kva vil passe  
best for deg?

Mange melder attende at det er givande å  
vere med i kyrkja sitt frivillige arbeid, og at det  
er godt å ha oppgåver i eit system slik at dei  
veit til ein kvar tid kor tid dei skal vere med.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret, tlf.  
57679985, eller med Gitte, soknediakon,  
tlf. 97416519.

## GUDS SIGNING

Å ynskje kvarandre Guds signing over liv og kvardag, med alt som vi fyller  
tiden og dagane med, er noko av det finaste vi kan gje kvarandre.  
Lat difor denne velsigninga nå inn i ditt hjarte og sinn,  
for din eigen del, og for den du vil dele den med.

### I guds hand

Må du mota vegen open, og ha vinden jamt i ryggen, ven.  
Og må sola skina på ditt ansikt, regnet falla mildt på marka  
di inntil vi møtes att. Må du heile tida vera i Guds hand.

Sverre Hatle, etter keltisk bøn

# Nytt frå fellesrådet

Kyrkja i Sogndal arbeider med mykje forskjellig. Nokre tiltak eller prosjekt går ut på utbetring av bygg og gravplassar, medan andre er aktivitetar tiltenkt deg og meg og alle som bur i kommunen. Alt har til felles at me vil skape ein god stad å vera for alle i Sogndal gjennom å:

- dele tru, undring og inkluderande fellesskap
- dele kristne tradisjonar og verdiar
- dele opplevingar og fellesskap
- dele håp, kjærleik og fremje rettferd

Kyrkja skal vere ein viktig ressurs for å skape gode lokalsamfunn prega av nærliek, omsorg, identitet og kultur. Den skal vere ein sentral bidragsytar for at enkeltmenneske skal fatte mot og meinings, tru og engasjement. Ei livskraftig kyrkje

gjer bygdene våre til ein betre stad å bu.

Dette er utdrag frå verdi- og måldokumentet som vart utarbeida for nokre år sidan, og som kyrkjeleg fellesnemnd reviderte og vedtok i samband med komunesamslåinga. Dette skal vere med å danne grunnlaget for alt arbeidet me utfører i kyrkja i Sogndal – både for dei tilsette og dei frivillige.

Dokumentet skal seie noko om kva me skal arbeide med og kva me skal forvalte. Dette gjeld både dei «handfaste» tinga som bygg, eigedomar og tilsette, men også den utadretta verksemda me driv. Alt dette heng saman og er avhengig av kvarandre.

I denne faste spalta informerer me ofte om kva prosjekt og tiltak som er i gang på utbetring

og vedlikehald av kyrkjene og gravplassane. Det må me ta med noko av no også, og dette heng som sagt saman med den utadretta verksemda også. For å få til gode aktivitetstilbod treng ein gode stader å vere, med dei fasilitetar og tilretteleggingar som må til for at aktiviteten kan fungere, og helst blomstre og vekse.

Alle kyrkjene me har i kommunen er gamle og anten freda eller listeført av Riksantikvaren. Gamle bygg treng som kjent vedlikehald, og dette må til skal me kunne halde dei i bruk.

## Kvamsøy kyrkje

Kvamsøy kyrkje er ei middelalderkyrkje i stein som ligg på øya Kvamsøy i Balestrand. Det er ei ærverdig gammal kyrkje som ligg fint til med utsikt inn mot fastlandet.

I 2020 fekk me laga ein tilstandsrapport for kyrkja, noko som gav oss ein god peikepinn på vedlikehaldsbehovet for kyrkja. Me har vore heldige å fått noko tilskot frå Riksantikvaren til ytre vedlikehald, og dette håpar me er kome godt i gang når du får dette bladet i posten. Noko av det viktigaste som skal gjerast er å gå over taket, skifte ut takstein og tette lekkasjar. Det arbeidet som skal utførast no, håpar me vil gjøre kyrkja i god stand til å møte nye regnværsperiodar, vind og uvær. Det er alltid olsokgudsteneste i Kvamsøy kyrkje. Så også i år, 29. juli kl. 17.00. Her er alle velkomne, og har du ikkje vore på Kvamsøy før – anbefaler vi turen varmt!

## Stedje kyrkje og Kaupanger

Stedje kyrkje treng som kjent også sårt til vedlikehald, og arbeidet er her også kome godt i gang. Her er det diverre mykje ytre vedlikehald som trengs, så me må nok trekke det ut over noko tid for å kunne utføre alt. Me er glad for at me har fått ein del midlar frå Sogndal kommune til dette arbeidet, og vedlikehald av taket over sideinngangar er mellom anna det som skal prioriterast no. Det same gjeld vindauge over hovudinngangen. Dette er diverre ein del skada og må takast ned for reparasjon.

På Kaupanger skal det som kjent kome nytt gravplassbygg og kyrkjestove, men først må noverande gravplassbygg rivast. Dato for oppstart av arbeidet er ikkje heilt klart enno, men me håpar at det kjem i gang i august. Målet er at begge nybygga skal stå klare til mai 2023.

Ut over dette er det også planlagt



Arbeid på Stedje kyrkje er godt i gang. Foto: Bente Leirdal Sleen



Bygging av ny kyrkjestove på Kaupanger går snart i gang.  
Illustrasjon: Lars J. Berge

ein del større og mindre tiltak rundt om på kyrkjene og gravplassane i kommunen.

Ute er det full vår og me nærmar oss sommaren. Berre ordet sommar kan gjøre ein glad. Til sommaren hører skulefri, bading, is, sol, varme, ferie - ja mykje som er godt. Likevel er det kanskje ikkje slik for alle, og nokre stader finn ein

heller ikkje den freden og fridomen me har her i vårt eige land. I Noreg har me lov til å tenkje sjølv og tru på det me vil. Det er noko me ikke skal ta for gitt. Kyrkjene i Sogndal inviterer deg inn – kom som du er!

Jorunn Merete Haukås-Eide  
kyrkjeverje

# Helge Torstad held fram som prestevikar: *-Det er veldig meiningsfullt!*



Foto: Hallgeir Øgaard Westli

**Våren 2022 har sogndøl Helge Torstad (60) arbeidd i halv stilling som prestevikar i Kyrkja i Sogndal, med permisjon frå halve jobben som lærar på Leikanger ungdomsskule. Etter sommarferien går han inn for fullt som prestevikar i 100%, i første omgang for eitt år.**

-Eg har trivst veldig godt som prestevikar! Eg har alltid vore

engasjert i kyrkjeleg arbeid, og det har vore svært meiningsfullt å få vere prest, seier Helge. Han har lang fartstid som både løna og uløna medarbeidar i kyrkja, og har ein del erfaring frå nokre år tilbake som lek gudstenesteleiar.

#### Gudstenestarbeidet er kjekt

-Eg likar godt arbeidet med gudstenestene. Eg trivst i rolla som både liturg og predikant, og har i grunnen funne meg godt til rette i det. Det er kjekt når det skjer mykje i gudstenestene og mange er med. Det er flott å få

døype og å dele ut nattverd, seier han. Helge har også stor sans for det som skjer før sjølv gudstenesta startar: -Å gå inn i førebuingane til kvar gudsteneste er spennande. Det er interessant å jobba med tekstar og tema, og ein blir svært godt kjend med variasjonane gjennom kyrkjeåret. Gjennom våren har eg fått prøvd både faste og fest, påske og 17. mai. Samarbeid med frivillige og andre tilsette med å få fram det som er spesielt for den einskilde dagen og gudstenesta, er veldig kjekt å vere med på.

#### Trivst med ungdommar

Til hausten vil Helge bli meir involvert i konfirmantarbeidet enn han har vore i vår, noko han gler seg til: -Eg er jo ungdomsskulelærar, kjenner ein del til korleis ungdom er og har det og likar å jobbe med dei. Saman har me eit godt team av tilsette og frivillige som er klare til å gje konfirmantane gode opplevingar gjennom den tida dei har ein spesiell plass i kyrkjelydane våre.

#### Gravferd er fint!

-Det er jo kanskje litt rart å seie at gravferd er fint, men eg opplever at det også er noko som er meiningsfullt å jobbe med som prestevikar, seier han. Gjennom våren har han hatt ein del gravferder, noko han også har hatt erfaring med frå tidlegare, både som gravferdsagent og då han arbeidde som lek gudstenesteleiar. -Å få hjelpe til, og å møta folk og ha samtale med dei, i ein samanheng som kan vere tung og vanskeleg, er eigentleg veldig fint. Som kyrkje har me ei viktig oppgåva med å møta folk og sjå dei slik som Jesus ser oss.

#### Vil vera folkeleg

Å møta folk med eit ope sinn, og med det blikket Jesus møtte folk, er viktig for Helge: -Eg likar å jobbe med folk, og ynskjer å vere prest for alle. Eg er nok ein type prest som vil vere folkeleg, og ha eit spesielt blikk for dei som treng det ekstra, fortel han. Han ynskjer å vere der for grupper som fell utanfor og som har opplevd undertrykking og urett, også frå kyrkja og kristne. -Me må vere klar over at kyrkja også i tidlegare tider har gjort urett mot, og vore fordømmande mot menneske og grupper. Me har eit spesielt ansvar for å ta vare på dei som har opplevd slikt,

seier Torstad. I det å vere folkeleg, legg Helge også vekt på å vere ein del av lokalsamfunnet på andre arenaer enn kyrkja. I Sogndal er det allereie mange som kjenner han, mellom anna gjennom engasjement i Røde Kors og som støttespelar i fotballen då borna var med der. Han har òg bak seg 12 år i politikken som medlem i kommunestyre og formannskap. -Eg trur det er litt viktig å visa at me prestar også er vanlege folk, seier Torstad med sitt stadig tilbakevandande glimt i auget. -Kyrkja har ein viktig posisjon i lokalsamfunnet, og me ser at kyrkja betyr mykje for folk i ein del samanhengar. Eg trur det er viktig at me er medvitne om at svært mange har ei tilknyting til kyrkja, og eg håpar me kan utnytte det endå meir.

#### Vil ha med fleire unge

For Helge Torstad skulle gjerne hatt fleire folk på gudstenestene. -Pandemien hang i lenge, men når me no kan gjøre ting normalt att, har eg eit ynskje om at endå fleire engasjerer seg, og har lyst til å vere med å påverke og drive gudstenestelivet framover. Me må prøve å nå barnefamiliane endå betre enn me gjer i dag, og kanskje leggje til rette for at samlingane våre er meir tilrettelagde. Eg er veldig open for innspel, og håpar me også får etablert eit godt ungdomsarbeid etter kvart, seier han. Sjølv om Helge ikkje har vore prestevikar så lenge, har han vore engasjert i mange år. Han sit i Stedje sokneråd, og var leiar i rådet fram til han gjekk over i rolla som prestevikar. -Ja, eg brenn for kyrkjeleg arbeid og at menneske skal bli kjende med Jesus!

#### Stedje og Fjærland

Når Helge Torstad etter

skuleferien går inn i full stilling som prestevikar, er det først og fremst for å dekke opp tomrommet i stillinga som sokneprest i Stedje og Fjærland sokn. -Eg skal først og fremst ha gudstenester i dei to sokna, og arbeide med konfirmantane i Stedje og Fjærland. Men eg er tilsett i prostiet, så det kan bli nokre tenester andre stader også, og me deler jo vekene mellom fleire av oss når det gjeld gravferder i heile Sogndal kommune, seier han. Sidan Helge ikkje har den formelle kompetansen for å bli ordinert til prest, ser han på sjansar for å kome dit. -Eg er i dialog med bispedømet og studiestader for å sjå på det, og skal mellom anna ta nokre studiepoeng i KRLE attmed jobben i haust. Så får me sjå, seier den joviale sogndølen, som ser at innsatsen hans blir verdsett, både lokalt og hos arbeidsgjevaren på bispekontoret i Bergen: -Det er godt å kunne vere med å bidra til kyrkja i ei tid der det er stor prestemangel i heile landet.

#### Ikkje heilt opprykksklare?

Kva så med fotballinteressa? -Eg var nok oftare på Fosshaugane då ungane var aktive i fotballen, men eg følgjer framleis godt med. Eg synest årets lag har noko spennande på gang, men er usikker på om dei er heilt opprykksklare allereie i år. Men ingenting hadde vore kjekkare, smiler Torstad, og gler seg samtidig over at favorittlaget i England drog i land Premier League-tittelen i mai.

**Vegard Bondevik Lie**  
tekst

# Vedlikehald av Kvamsøy kyrkje

Sommaren 2022 vil det bli gjennomført ein større vedlikehaldsjobb på Kvamsøy kyrkje der 60 prosent av finansieringa kjem frå statlege midlar til klimaskalsikring av mellomalderkyrkjer i stein.



Sommaren 2020 fekk fellesrådet utarbeidd ein profesjonell tilstandsrapport for Kvamsøy kyrkje finansiert av Kulturdepartementet. Rapporten dokumenterte som venta store vedlikehaldsbehov for den særmerkte kyrkja, og fellesrådet har ut frå dette i vinter hatt ute eit anbod på dei viktigaste tiltaka. Kontrakten gjekk til Vestlandshus-Sogn AS, og vedlikehaldet vil ta til no i sommar.

Det første og viktigaste ved skal-sikring er naturleg nok å få tett tak, og i første omgang vil taket

bli utbetra og det skal leggast ny takstein på heile kyrkjetaket- vel å merke takstein med tradisjonell utforming, godkjent av Riksantikvaren. Alle entreprenørane som leverte tilbod vurderte at den enklaste og beste måten å få frakta materialar og utstyr over til øya var transport med helikopter. Dei som bur i Kvamsøy-grenda vil difor oppleve noko helikoptertrafikk når stillas, ny takstein og anna materiell skal løftast over sundet. Den øvste delen av austveggen i tre er også svært dårleg med roteskadar og hol.

Denne skal også reparerast og tjørebreiast.

I tillegg er det prekært å få reparert vindauge, vindskier og takrenner, og om mogeleg skulle heile kyrkja vore kvitkalka att utvendes. Målet er å få tatt så mykje som mogleg innanfor dei midlane me har til rådighet. Fellesrådet vil understreke at ein er takksame for eit monaleg statleg tilskot og etter lengta handslag for å få gjort noko med dei eldste og freda kyrkjebygga, sjølv om ein eigedel på 40 prosent også er krevjande i



ein pressa økonomi. Arbeidet på Kvamsøy i år skal vere ferdig innan utgangen av oktober, då sluttrapport til Riksantikvaren skal vere sendt innan 31.10.2022.

## Mellomalderkyrkja Kvamsøy

Kvamsøy kyrkje er ei av to mellomalderkyrkjer i stein i kommunen vår. Den andre er Leikanger kyrkje. Kvamsøy kyrkje vart bygt ca. år 1280 (C14 datering, 1270-1295) og er ut frå dette automatisk freda av Riksantikvaren. Som namnet antydar ligg kyrkja på øya Kvamsøy i Balestrand, ei av få øyar i Sognefjorden og har gjennom hundrevis av år vore ei kyrkje for sjøfarande. Det er ikkje innlagt straum eller vatn i kyrkja, og kyrkja er difor berre i bruk i sommarhalvåret. I 1903 vart Kvamsøy erstatta av Sæle kyrkje som soknekyrkje, men det er tradisjon med to gudstenester i året i gamlekirkja, som regel i pinsa og på olsokdag. Så også i år med «Fjordgudsteneste» felles for heile kommunen 2. pinsedag 6. juni kl.12.00 og olsokdag fredag 29. juli kl.17.00. Båtskyssen går i skytteltrafikk frå Kvamsøy kai frå ein time før gudstenesta startar og du er hjarteleg velkommen. Har du ikkje vore på Kvamsøy før, kan vi



varmt tilrå eit besøk her!

## Restaurert inventar dei siste åra

Kvamsøy kyrkje er etter tilhøva ei stor kyrkje med 210 sitteplassar. Veggane er eigentleg dekte av store, fargerike veggmåleri, men desse vart kalka over på slutten av 1800-talet. I våre dagar er dette faktisk ei av få kyrkjer der slike eldre veggmåleri framleis er overmåla og det er denne enkle, lyse stilene som er sjeldnast og som Riksantikvaren ynskjer å ta vare på. Nokre stader på veggene får vi likevel nokre vindauge inn i fortida og får sjå utsnitt av den gamle utsmykkinga. Veggmåleira var registrerte og sikra/konserverte av Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) i 2010-2011.

Som nemnt i kyrkjelydsbladet nr 3 og 4 i 2020 vart altertavla reinsa og restaurert av NIKU sommaren 2020. Det var eit stort behov for å få dette gjort, og fargar og dekor kom mykje betre fram. Ein kuriositet er at altertavla er så stor at dei i si tid måtte heve taket i ein liten boge like over tavla for å få plass!

Då NIKU sine konservatorar kom i 2020 hadde dei også med seg nokre mindre måleri som hadde vore inne til restaurering. Desse

har motiv frå Jesus gravlegging og oppstode og hang opphavelig i eit privat gravkammer som fram til 1875 stod inntil kyrkja på Kvamsøy. Også kyrkjeskipet/votivskipet frå 1702 kom denne sommaren attende etter å ha vore forsiktig restaurert, og vart hengt fint attende på plassen sin i taket over midtgangen.

## Omvising i Kvamsøy kyrkje

I sommar har fellesrådet inngått ein avtale med eit firma lokalisert i Vik (Einar Kløve, mob. 95273291), som vil tilby guidaturar med ein 65 fots båt frå Vik til Kvamsøy og nærområdet, t.d. til cruise-turistar. Vi er spente på responsen og omvisarverksemda som er aktuell i perioden april til oktober må også tilpassast arbeidet som skal gå føre seg i sommar. Dersom ein ynskjer å vitje Kvamsøy utanom guds-tenetene våre, kan ein også kontakte turistkontoret i Balestrand, sjå **balestrandadventure.no** eller **vikadventure.com** som også kan tilby turar og omvising i kyrkja etter avtale på bestilling.

*Jostein Risa og Jorunn Merete Haukås-Eide*

tekst

Foto: Jostein Risa



## Fleire instrumentprosjekt i emning

I år er det fire år sidan det nye orgelet i Stedje kyrkje vart innvigd. Dette var eit stort prosjekt som kravde mykje ressursar å få i hamn. I tida etter har vi brukt ein del tid på å undersøke stoda i dei andre kyrkjene, og i åra framover er det fleire prosjekt i kyrkjene våre.

### Leikanger kyrkje – renovering og omintonering av orgelet

Orgelet i Leikanger vart bygd i 1981 av J. H. Jørgensen, og har fått jamt vedlikehald gjennom åra. Etter 41 år er det no fleire ting ved orgelet i Leikanger som krev meir enn det årlege vedlikehaldet. Mellom anna må orgelet reingjerast, då det har samla seg mykje stov gjennom desse åra. Etter ein slik rengjering er det normalt å ta ei omintonering («klangtilpasning») av orgelet, og ein ynskjer å nytte høvet til å gje orgelet i Leikanger ein varmare og meir fyldig klang enn det har i dag.

Utover dette skal ein også utføre mindre justeringar på mekanikken, slik at denne også i framtida kan fungere godt.

### Tjugum kyrkje – fullstendig restaurering

Orgelet i Tjugum kyrkje vart bygd i 1905 av Olsen & Jørgensen, og er det eldste orgelet i Sogndal kommune. Orgel frå denne perioden er rekna for å vere av høg teknisk og klangleg kvalitet, og har høg verneverdi – dette gjeldt også for orgelet i Tjugum kyrkje.



Orgelet i Tjugum er frå 1905, og treng no fullstendig restaurering.  
Foto: Hallgeir Øgaard Westli

Diverre er det for tida eit instrument med store utfordringar; Belgen har sprukke opp, slik at luftforsyninga er i fare for å kollapse, det er mange stumme tonar i orgelet, og det er eit orgel som ikkje heldt spesielt godt på stemminga, for å nemne noko.

Heldigvis er det mogleg å gjere noko med alt dette gjennom ei fullstendig restaurering. Det krev ein god prosess, mellom anna med Riksantikvaren grunna alderen, og det krev ein del økonomiske midlar.

Tilbakemeldinga i rapporten frå 2022 er at materialet i orgelet og pipene er av svært høg kvalitet. Med ei fullstendig restaurering er det difor god grunn til å tru at ein vil få eit svært godt orgel i Tjugum.

### Ølmheim kyrkje – mindre reparasjoner

Orgelet i Ølmheim kyrkje vart bygd i 1961 av Norsk orgel- og harmoniumfabrikk i Snertingdal. Orgelet i Ølmheim er eit instrument med tungspelt mekanikk. Dette skuldast konstruksjonen, og er ikkje mogleg å gjere noko med utan at ein konstruerer

heilt ny mekanikk. Med mindre reparasjonar håpar ein likevel at ein kan gjere instrumentet noko mindre tungspelt.

Belgane viser noko teikn til sprikker i skinnnet, og skinnet må skiftast på desse. I vindladene, som pipene får lufta si frå, er det brukt ein type gummidokke som forsegling. Denne har for lengst begynt å smuldra opp, og må skiftast ut.

Arbeidene i Ølmheim er små samanlikna med Leikanger og særleg Tjugum, men like viktige for å sikre at også dette orgelet kan fungere godt i framtida.

### Stedje kyrkje – flygel eller konsertpiano

Dei seinare åra har det vore ynskje om å få skifta ut pianoet i Stedje kyrkje med eit instrument som også kan fungere godt som konsertinstrument. Med orgelet i Stedje godt i hamn, har ein no tatt opp att planane om få på plass eit slikt instrument.

Eit godt konsertpiano eller flygel vil vere til stor glede i det daglege arbeidet i kyrkja, og vil også vere eit flott tilskudd i eit lokale

som er mykje brukt til konsertar, både i eigen regi og til utelege.

Det er allereie samla inn ein god del midlar til dette, og vi vil fortsetje med å samle inn pengar framover.

### Oppmoding om å gje

Alle desse prosjekta krev god økonomi for realisering, og vi oppmodar folk om å gje slik at vi kan få realisert desse prosjekta. Det vil kome meir informasjon om dei ulike prosjekta i kyrkjelydsbladet fremover.

Om ein vil gje allereie no, oppmodar vi folk til å ta kontakt med oss i Kyrkja i Sogndal.

**Hallgeir Øgaard Westli**  
tekst

**Takk for minnegåve**  
Fjærland sokneråd takkar så mykje for minnegåve kr 7300 i samband med Marit Skarestad si gravferd.

## Takk, gode Gud, for alle ting!

Slik startar «Solsangen» av Frans av Assisi, den 800 år gamle salmen som står i salmeboka vår på nummer 290. Den har mange fine vers om alt me kan takke Gud for. Ja, kanskje det me ikkje tenkte me skulle takke han for også, som me til dømes syng i nest siste verset: «Takk, gode Gud, for søster Død, den siste hjelper i vår nød».

På vegner av alle oss tilsette i kyrkja i Sogndal, skal eg få seie takk til deg som har bidrige og stadig bidreg som frivillig medarbeidar i arbeidet vårt:

**TUSEN TAKK FOR DEN DU ER OG DET DU GJER!**

Og når eg takkar deg, så takkar eg også Gud. Takk er eit lite ord, men med stor tyding. Det kan seiast fort, og det vert sagt ofte. Likevel gjer det godt kvar gong. Hugsar du sist nokon sa takk til deg? – var ikkje det fint?

Takken går til Gud også, fordi Han har skapt deg og gitt deg ein sjanse til å vere med i kyrkja sitt arbeid med den du er og det du kan! Lat oss difor vere rause med takken!

Godt inn i «2022 - frivillighetens år» er det heilt på sin plass å gjenta kor viktig den frivillige innsatsen er for kyrkja. Den er heilt avgjerande, og du er viktig!

Samtidig vil eg gje deg ei lita utfordring inn i sommaren:

Me er veldig glade for alle frivillige me har som er interesserte i å gå inn i alle dei oppgåvene me har og treng dykk til. Men like viktig er det at du sjølv seier kva du har lyst til å bidra med og vere med på. Kanskje den oppgåva du helst har lyst til å gjere som frivillig i kyrkjelyden ikkje er der?

Så difor: -Kva har du lyst til å gjere? Kva kan du bidra med inn i kyrkjelyden, som me ikkje har frå før? Det finst mange gode dømer, både her hjå oss og andre stader, på at nye flotte tiltak har kome ut av at folk har kome med eigne ynskjer om kva dei kan bidra med.

Og då er alt mogleg!

Takk, gode Gud, for alle ting!

God sommar, gode medarbeidar!

Vegard Bondevik Lie  
Sokneprest, Leikanger og Norum



Foto: Gitte Therkelsen Torstad

## skuleprosjekt ved Norane skule

Norane skule har hatt «Bygda Vår» som tema i fleire år. I år var fokuset på «Slaget ved Fimreite» og «Kyrkja vår.»

Den første dagen fekk me besøk av Rønnaug Dahl. Ho lærte oss mykje om kyrkja vår, Ølmheim kyrkje. Ho fortalte om dei tidlegare kyrkjene som har stått på Ølmheim, om brannen i kyrkjetårnet, namnestriden og om kvifor Ølmheim kyrkje står «feil veg». Elevane var veldig nysgjerrige og fekk svar på det dei lurte på.

Dagen etterpå fekk me lov til å komme på besøk til kyrkja, der trusopplærar Birte og kyrkjetenor Cristina tok imot oss. Elevane fekk fortelje om alt dei hadde lært, spørje om alt dei

ville og sjå seg rundt i kyrkja. Høgdepunktet for mange av elevane var nok at dei fekk sjå etter namnet sitt i «den gamle boka», der det stod når elevane var døypte. Eit anna høgdepunkt var då elevane fekk lov til å gå opp i kyrkjetårnet.

Same dag fekk også elevane teikna kyrkja frå ulike vinklar.

Avslutninga på prosjektet var å perle kyrkja vår. Elevane jobba i aldersblanda grupper, og resultatet vart tre flotte modellar av Ølmheim kyrkje. Det gjekk med rundt 11 000 perler per kyrkje!

Norane skule set stor pris på det gode samarbeidet me har med bygda vår! Det at bygdefolket stiller opp og fortel gjer det meir spennande og motiverande for

elevane.

Takk også til kyrkjekontoret for godt samarbeid under prosjektet!


**Norane skule**  
tekst

## Lokale til leige



Stedjetunet har lokale til leige til minnesmær, dåpselskap, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå [www.stedjetunet.no](http://www.stedjetunet.no)



## Etterlengta vårslepp i Tjugum

Det er ikkje berre lauvet som sprett om våren, det same gjer sanneleg Tårnagentane! Laurdag 23. april myldra ein livleg gjeng 2.-3. klassingar høgt og lågt både inni og utanfor Tjugum kyrkje. Dei sprang, klatra, tenkte så det knaka, løyste kodar og memorerte minnever i lag med tolmodige medvandrarar. I Balestrand arrangerer vi berre Tårnagenthelg annakvart år, så dette er skikkeleg eksklusivt.

Dagen etter, søndag 24. april, feira vi ei skikkeleg festgudsteneste i lag med Minikonfirmantane og

resten av kyrkjelyden. Etter to år med ulike restriksjonar var det herleg å kunne opne dørene på vidt gap og fylle opp kyrkjebenkane.

Borna deltok frå første sekund med høgtideleg inngangsprosesjon. Tårnagentane delte litt frå «skattejakta» si og fekk teikneserieboka Skattar i Bibelen, mens Minikonfirmantane deltok med song og bøner samt fekk utdelt diplom som avslutning på ei flott minikonfirmanttid.

Magni Åm Risa  
tekst

Foto: Jostein Risa, Janne Klara Da Silva og Magni Åm Risa

# Trusopplæringstiltak i våre sokn hausten 2022

## TRUSOPPLÆRING I BALESTRAND SOKN

### Nestenåring (5.-8. klasse)

Fredagsklubb på Bedehuset kl 18-20 ein fredag i månaden. Datoar i haust: 26/8, 23/9, 21/10 og 25/11. På opningssamlinga, 26. august, er 5.-klassingane særskilt inviterte, og dei får Teikneseriebibelen i gáve.



### Babysong (0-2 år)

Ta kontakt med kyrkjelyds-pedagogen (466 97 476) om du er interessert i å vere med på Babysong på Helsestasjonen.



### Alle som startar i 1.klasse hausten 2022, sjå her!

De er inviterte til 6-års-samling i Kyrkjestova onsdag 17. august og gudsteneste i Tjugum med utdeling av Barnebibel søndag 21. august. Invitasjon kjem i posten i løpet av ferien.

### KRISTNE TILBOD FOR UNGDOM

**Samtalegruppe** for ungdomsskulen annakvar vike **kl 19.30-21.30** heime hos familien Risa i Fjærestad 42. Velkommen til første samling onsdag 24. august! Vi regulerer dag etter andre aktuelle aktivitetar.

### Ung Messe i St Olaf kl 20.30 torsdag 1. september.

Velkomen til ei kreativ gudssteneste av, med og for ungdom.

**Ungdomskveldar på Bedehuset** for elevar på ungdomsskulen og vgs kl 19-24 desse fredagane: 16. september og 18. november. Her er det fullt hus, kjekke aktivitetar, ungdomsband, andakt, kiosk og god stemming!

### KRIK (14-20 år) kl 16.30-18 på bana eller i Belehalli kvar fredag.

### Kveldsmøte

i møtesalen på Sygna vgs kl 20 kvar torsdag.  
  
Har du spørsmål eller innspel til noko av dette, eller du berre ynskjer ein prat, ta kontakt med kyrkjelydspedag og ungdomsdiakon Magni (466 97 476).

### Levande Ung Messe

«Dette må vi gjere oftare», utbraut ein 8. klassing etter ei stappfull ungdomsgudsteneste torsdag 28. april. Takk vere trufaste sjåførar fekk vi fraka 72 deltagarar rundt fjorden denne hustrige vårvelden.

Det dirra litt i veggane i Tjugum kyrkje då Helmer Husum drog til med sjølvkomponerte bassvariasjonar over den kjende barnesongen Jesus elsker alle barna. Songane elles vart akkompagnerte og kyndig leia av elevar ved Sagatun ungdomsskule og Sygna vidaregåande. Ungdommanne deltok også med tekstsinging og sjølvskrivne bøner.

Kyrkja er eit hus for alle, ein møtestad for folk som søker kontakt med Gud. Vi får stige fram for Gud i eit litt anngleis rom der vi kan kjenne på at Gud er stor og likevel tar i mot oss slik vi er, med alle våre feil og manglar, tru og tivil, takk og undring. Gud har tid og rom for alle!

Etter å ha feira både gudsteneste og nattverd i lag, tok vi i mot velsigninga og held fram med mat, prat og spelefellesskap i Kyrkjestova til leggetid. Jo, dette må vi gjere oftare!

Tekst: Magni Åm Risa



## TRUSOPPLÆRING I FJÆRLAND, KAUPANGER, LEIKANGER, NORUM OG STEDJE SOKN



### 4-,6-, og 11-årsbøker

Fekk du ikkje høve til å kome på gudstenesta der me delte ut bok til dei som fyller 4, 6 og 11 år i 2022? Kom gjerne innom kyrkjekontoret og hent deg ei bok. Ved spørsmål: Ta kontakt med trusopplærar Birte.

### Blomstergudsteneste med utdeling av 6-årsbok og -arbeidshefte

Fjærland: 19.juni kl. 12.00



### Skulestartgudstenester med utdeling av arbeidshefte til 6-åringane 14. august

- Stedje: Kl. 11.00  
- Kaupanger: Kl. 16.00  
- Leikanger: Kl.17.00

NB: Hadde du ikkje høve til å vere med på påskefest for alle og få boka som vart delt ut då, kan du få boka saman med arbeidsheftet ved skulestart.

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i våre kyrkjer, sjå [www.sogndal.kyrkja.no/TOL](http://www.sogndal.kyrkja.no/TOL).

Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

### Hausikkfestar med utdeling av 4-årsbok

- Fjærland: 25. sept. kl. 11.00
  - Kaupanger: 25. sept. kl. 11.00
  - Stedje: 2. oktober kl. 11.00
- (4-åringar fødde juli-desember 2018) Stedje barnehage deltek med song.
- Ølmheim: 2. oktober kl. 11.00. Her vert også 6-åringane inviterte til å få arbeidsheftet sitt.
  - Leikanger: 2. oktober kl. 17.00.

4

### Tårnagentar

Tårnagentdag for 8-åringar vart utsett hausten 21. I staden inviterer me BÅDE 2014- og 2013-kulla til TÅRNAGENTDAG laurdag 22.oktober.

Følg med på nettsidene våre for meir informasjon!



### LYS VAKEN-helg for 11- og 12-åringar 19.-20. november

Sidan det ikkje vart Lys vaken i 2021, slår me saman to kull til dette. Det vert kyrkjekino, feiring av det nye kyrkjeåret på forskot, og me overnattar. Sett av helga!! 10-åringane vert inviterte til å vere med på kyrkjekinoen.




### Sprell Levande gudsteneste

Stedje kyrkje 30.oktober kl. 11.00. 5-åringane vert særskilt inviterte og får ei lita helsing.

### Kontaktinformasjon

Er det noko du lurar på om trusopplæringstiltak i sokna Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje, ta kontakt med trusopplærar Birte Husum (947 98 799), [Birte.Husum@sogndal.kyrkja.no](mailto:Birte.Husum@sogndal.kyrkja.no)



KOR	SONGARAR INSTRUMENT ARVEFAKT.	HEV	BUSTAD	KYRKJE I LUSTER
SVIN				
→				
NONE				
AVELSBEDRIFT VEKEBLAD		PREP-OSI-SJON		
↑				
LIKE	BÅT FINST	TOPP DYRKAR		PROFET I GT (1930 OVERS.)
SVENSK AS				
VERKSTAD	PASI-ENT BØANE	KVILE HINT		
RETNING	NEST-SJEF	OM-TALE	5 VOKAL	SKUR HAUSTA
HYRA	FIRMA ORGANA	STOR FUGL	LYD KORN	NAMN VASE
JØKEL				
KREFT VEKTEIN.		KYRKJE I LUSTER		
STEIN-VITAR TONE	BRASAR YRKES-UTØVARAR		LIKE	URAN
KØ	FLAK ELLER RIFTER	HAST PREP.	FERJEKAI I VEST-LAND ASYKLAGE-INSTANS SVOVEL	NEON AVTA husdyr grunnstoff
ØK	MOT			FERSK SØK GUD
LE HØGT FORK.	PRO-NOMEN	KNOLL STROFE		REKKER
BØN	FLUOR	SORG RADIUS	PREP. SMEKKER	REKKE GRUNN
STAMMEL SLÅ	EUROPEAR UFFAR	VEKS KAPPA	UTTRYKK PC-ADRESSE	
E L V	MOTTOK TID PÅ DØGNET	VEIK	KLAG SVAIE	HEISE-ANORD-NING KJERNEN
S Ø V		BRÅKAR BYGD I SOGN	VASSE URO.	
MÅL	MÅL	BLI MEDVITEN SPREIE		
HØGD	SMELTE			
FOR TÆR TE	LEIT		KLØA	
SÅ	TREFF			!



# BARNAS

## Finn namn på 10 instrument!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 forskjellige musikkinstrument. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

U	K	U	L	E	L	E	T	I	F
S	T	I	F	I	T	R	U	T	U
M	R	S	O	T	E	I	B	I	T
K	O	N	T	R	A	B	A	S	S
Å	M	Ø	R	O	M	A	T	I	A
P	B	B	O	M	O	P	Ø	M	T
O	O	A	M	M	G	I	T	A	R
D	N	L	P	E	R	A	S	T	U
E	E	L	E	R	Ø	N	U	A	T
L	A	O	T	F	I	O	L	I	N
Y	F	L	Ø	Y	T	E	K	R	Å

## Finn fem feil!

Her gir Jesus brød til fem tusen. Dei to biletet er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Claudia Chiaravalotti



## Fargelegg Jesus



- Pappa må vere kjempegammal.
- Jaså? Kvifor trur du det?
- Fordi brannalarmen gjekk då han bles ut alle lysa på kaka.

## Vitsar

Så var det fyrvaktaren som fekk sparken. Han brukte å skru av lyset før han gjekk og la seg.

Støttespelarene våre:



[www.lerum.no](http://www.lerum.no)



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal  
Tlf: 57 67 65 40 | [skjeldestad@kontorspar.no](mailto:skjeldestad@kontorspar.no)  
[www.kontorspar.no](http://www.kontorspar.no)



**Sogn Synssenter**  
Eit variert utval i alle prisklassar av  
innfatningar, brilleglas, kontaktlinser  
solbriller, kikkertar og luper.  
Tlf: 57 67 50 50



Parkveien 5, 6856 SOGN DAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: [post@advokat-tollefsen](mailto:post@advokat-tollefsen)

**GRAVMINNE:**



Me tek og på oss oppussing av gamle steinar!



Granden 9 • 6856 Sogndal • tlf. 57 67 10 37



Optiker  
**Kjell M. Talleraas**

6856 Sogndal • tlf. 57671110 • [optikaren.no](http://optikaren.no)

**HOLLEKVE SAG**  
TRE- OG STÅLBYGG

Tlfon 90 11 67 83



Byggmester  
**Ingmar Stenehjem**

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52  
[www.stenehjembygg.no](http://www.stenehjembygg.no)




AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



**NORDBOHUS SGN**  
[www.nordbohus.no/sogn](http://www.nordbohus.no/sogn)



**HOLEN INSTALLASJON AS**  
SOGN DAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK  
[www.holen-installasjon.no](http://www.holen-installasjon.no) • Tlf. 57 67 75 00 • [post@holen-installasjon.no](mailto:post@holen-installasjon.no)



**Sogn Kontorsenter**  
57 67 66 99  
[www.sognkontorsenter.no](http://www.sognkontorsenter.no)



Kjell Grønli | Hans Magne Kvåle | Ingar Husum | Hege Urnes  
Post- og besøksadresse: Parkvegen 3, 6856 Sogndal

Telefon heile døgnet:  
**57 68 14 77**

# Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

## DØYPTE

### KAUPANGER

13.03.22	Ivar Bjørkum Lægreid
13.03.22	Elling Bakken
14.04.22	Henry Hauglum, døpt i Fresvik kyrkje
15.04.22	Nora Opseth Grehl
23.04.22	Elise Kveane
08.05.22	Pia Flacké Haualand
08.05.22	Ludvig Måkestad-Jørgensen
08.05.22	Mathias Pettersen Ørke

### BALESTRAND

17.04.22	Louie Nokken Veum, døpt i Sæle kyrkje
17.04.22	Astrid Seim Rendedal, døpt i Sæle kyrkje
14.05.22	Caroline Helle Von der Leyen, døpt i St. Olafs kyrkje
14.04.22	Sigurd Nedrehagen Flatland
14.04.22	Johan Erfjord Øvretun
24.04.22	Henrik Gullaksen Flatland

### STEDJE

06.03.22	Endre Vold Fjellheim, døpt i Vik kyrkje
03.04.22	Hans Tveit Gudvangen
03.04.22	Emma Espeseter Walsvik
03.04.22	Nora Johnsen Nedrelo
10.04.22	Sigve Hage Killand, døpt i Utvik kyrkje
17.04.22	Ada Kvåle Slåtten
14.05.22	Julie Vinsrygg Mo, døpt i Lodalen
26.05.22	Iver Flateby Evjestad
26.05.22	Ella Kvamme Espe
26.05.22	Tormod Skjelvan Folkestad

## VIGDE

BALESTRAND – ST. OLAFS KYRKJE	
14.05.22	Kristine Bøyum Riste og Jon Bjørnø (Trondheim)
	Forbøn for borgarleg inngått ekteskap
<b>KAUPANGER</b>	
14.05.22	Unn Cristina von der Leyen og Johnny Helle (Roa, Lunner)
28.05.22	Lina Mari Torheim Hanitz og Ole-Christian Sunde Grytten (Sogndal)
28.05.22	Emilie Jebsen og Anders Steen-Nilsen (Oslo)
	Forbøn for borgarleg inngått ekteskap

## GRAVLAGDE

### BALESTRAND – TJUGUM

01.03.22	Jens Ese	f.1929
26.04.22	Leif Grinde	f.1933
06.05.22	Jan Herland	f.1946
24.05.22	Magnhild Buene	f.1926

### FJÆRLAND

01.03.22	Claus Kvamme	f.1935
18.03.22	Marit Skarestad	f.1927

### KAUPANGER

01.04.22	Amanda Eineteig	f.1924
20.05.22	Per Åretun	f.1938
25.05.22	Unni Bjørkum	f.1925

### STEDJE

18.02.22	Berit Bondevik	f.1931
08.03.22	Jorunn Holen	f.1946
10.03.22	Oddvar Selseng	f.1928
25.03.22	Kirstina Reutz Hillestad	f.1926
29.03.22	Erik Skjeldestad	f.1959
31.03.22	Jon Farestveit (Bisetjing)	f.1940
05.04.22	Borgny Seim Navarsete	f.1954
08.04.22	Aashild Hovland	f.1931
22.04.22	Aud Uglum	f.1930
29.04.22	Finnvald Fretland	f.1947
13.05.22	Jan Vidar Meisterplass	f.1953
20.05.22	Alvhild Kristine Molland	f.1933

### BALESTRAND – KVIKNEHAGEN

30.03.22	Cathrine Horn og Endre Rieber Sommersten (Bergen)
----------	---

### KAUPANGER

04.06.22	Marlen Hylseng Haugen og Ole Henrik Lund (Bergen)
----------	---

### STEDJE

31.05.22	Lina Valland Hofslundsengen og Håvard Lund
----------	--

# Velkommen til gudsteneste



Med etterhald om endringar. Følg med på våre nettsider eller våre profilar på Facebook og Instagram for oppdatert informasjon.

## JUNI

26. juni	Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste Stølsberg, Vetlefjorden kl. 11.00: Friluftsgudsteneste
----------	--

## JULI

3. juli	Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
10. juli	Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste Kaupanger stavkyrkje kl. 13.00: Gudsteneste
17. juli	Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
24. juli	Fjærland - Jordal kl. 11.00: Friluftsgudsteneste Fjærland kyrkje kl. 17.00: Olsokgudsteneste
29. juli – Olsok	Kvamsøy kyrkje kl. 17.00: Olsokgudsteneste Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Olsokgudsteneste
31. juli	Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste Fimreite kl. 15.00: Friluftsgudsteneste

## AUGUST

7. august	Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
14. august	Stedje kyrkje kl. 11.00: Skulestartgudsteneste Kaupanger stavkyrkje kl. 16.00: Skulestartgudsteneste
21. august	Leikanger kyrkje kl. 17.00: Skulestartgudsteneste Kyrkjelydshytta, Sogndalsalen kl. 11.00: Friluftsgudsteneste
28. august	Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
	Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Gudsteneste Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
	Stedje kyrkje kl. 19.30: Gudsteneste

## SEPTEMBER

1. september	St. Olafs kyrkje kl. 20.30: Ung Messe
4. september	Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
	Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
11. september	Leikanger kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
18. september	Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
25. september	Kaupanger stavkyrkje kl. 19.30: Gudsteneste med konfirmantpresentasjon Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
	Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
	Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
	Fjærland kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest, utdeling av 4-årsbok
	Kaupanger stavkyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest, utdeling av 4-årsbok
	Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
	Stedje kyrkje kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

## OKTOBER

2. oktober	Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Hausttakkefest
------------	--

## INFORMASJON



Nr. 2 | juni 2022 | 50. årgang



Foto: Magni Åm Risa

# song for ein ny dag

Har du nokon gong «fått ein song på hjernen»? Det kan vere høgst irriterande når ubedne songar bit seg fast og sperrar for viture tankar. Andre gonger kan songar lyse opp ein elles grå kvardag. Ein slik enkel, liten song som stadig dukkar opp i mitt hovud, særleg om morgenon, lyder slik:

«Ein ny morgen (x2). Ja! Halleluja! Ein ny morgen (x2). Ja! Ein ny morgen for Jesus (x4)»

På same måte som kaldt vatn i ansiktet, frukost og tannpuss, er denne strofa med på å vekke meg og førebu meg på ein ny dag. Ordet «hjernevask» vert vanlegvis nytta negativt for å skildre tankekontroll

og maktovergrep, men kanskje vi stundom kan ha godt av å «skylje ut» stress, kritikk, fordøming, negativt sjølvsnakk, tvangstankar og anna unyttig frå ein overfylt hjerne? I staden for å sjekke mobilen eller timeplanen kan vi få starte dagen med å vende blikket mot Han som har skapt oss og elskar oss.

Salmane oppfordrar oss: «Kom gjennom portane hans med takkesong, inn i føregardane med lov-song» (Salme 100:4). Uavhengig av stemmeprakt og livssituasjon kan eg få «lovsyngja Herren heile mitt liv, syngja og spela for min Gud så lenge eg er til» (Salme 146:2).

Har du ein song som kan fylgje deg

denne dagen? Ein song som kan minne deg om Guds velde, makt, nåde og kjærleik? Gud har skapt denne dagen, og han har skapt deg. Hugs at når vi søker tilflukt hos Gud, er kvar dag flunkande ny, full av nye sjansar. Bibelen fortel oss at Guds nåde er ny kvar morgen. Tenk det, ny kvar morgen! Uansett kva vi har med oss frå i går, kan vi få synge og leve i at «Dette er dagen som Herren har gjort; lat oss jubla og gleda oss no!» (Salme 118:24)

Ha ein velsigna, ny dag!

Magni Åm Risa  
Kyrkjelydspedagog, Balestrand